



Administrativt vedtak

Saksnr

Utval

Formannskapet

Saksansvarleg:

Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.:
15/829-4

Arkiv
K2 - K40

Sakshandsamar
Magnhild Aspevik,

Dato
18.07.2016

Tildeling av fellingsløyve for hjort- og elgjakt i Årdal kommune 2016

Kort samandrag:

Årdal kommune har tildelt fellingsløyve for jakt på hjort og elg for 2016. Fellingsløyve for hjortejakta er i tråd med godkjend bestandsplan for hjort i Årdal kommune. Tildeling av fellingsløyve for elgjakt er i tråd med gjeldande forvaltningsplan.

Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og *Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune*, tildeler Årdal kommune fylgjande fellingsløyve for hjortevilt i 2016:

| |
|---|
| Hjort: 212 fellingsløyve delt på 20 vald |
|---|

| |
|---|
| Elg: 12 fellingsløyve delt på 7 vald |
|---|

Vedtekne planar som ligg til grunn for tildelingane er vurdert etter Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vedlegg:

Elgløyve 2016 Årdal
Hjorteløyve 2016 Årdal

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

- Lov om forvaltning av naturens mangfold (NML)
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt
- Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune, godkjend 2011
- Avtale om felles landbrukskontor av 01.01.2011
- Bestandsplan for hjort – Årdal kommune – 2016-2018, godkjend 14.6.2016

Saksutgreiing og vurdering

Tildeling av fellingsløyve for elg- og hjortejakta i Årdal kommune er i tråd med godkjend *Bestandsplan for hjort* og *Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommunar*.

Det har vore jobba med utarbeiding av bestandsplan for hjort i Årdal kommune i nokre år. Planen er no godkjend av både Elg- og hjorteutvalet i Årdal og av Årdal kommune. Rådmannen meiner det no er gjort eit godt og grundig arbeid for vidare forvaltning av hjortestamma i Årdal. Det er noko auke i fellingsløyve (frå 163 i 2015 til 212 i 2016) og dette skal vere med på å redusere og stabilisera bestanden av hjort i kommunen. Dette er spesielt viktig for område med mykje hjort på innmarka. Med bakgrunn i forvaltningsplanen for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland, og Bestandsplan for hjort i Årdal 2016-2018, tildeler Årdal kommune fylgjande fellingsløyve for 2016:

| |
|---|
| Hjort: 212 fellingsløyve delt på 20 vald |
| Elg: 12 fellingsløyve delt på 7 vald |